



Fylkesmannen i Vestland

NATURVERNFORBUNDET NORDHORDLAND
c/o Jan Nordø Hoplandssjøen 74
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

10.05.2019

Vår ref:

2019/1731

Dykkar dato:

15.01.2019

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Tilsegn om tilskot til trua naturtypar 2019 - skjøtsel og vedlikehald av kystlynghei. Stølshaugen i Austrheim

**Naturvernforbundet i Nordhordland får tilskot til skjøtselstiltak i Austrheim kommune.
Tilskotet på 80.000 kroner blir utbetalt når vi har mottatt rapport for gjennomført tiltak.**

Vi viser til søknaden dykker om 80.000 kroner til skjøtselstiltak på Stølshaugen. De ønskjer å rydde området for skog og kratt, fortrinnsvis sitkagran, som del av prosjektet «rydd ein holme», som de òg tidlegare har fått tilskot til.

Fylkesmannen si vurdering og vedtak

De har som nemnt tidlegare fått tilskot til tilsvarende prosjekt på Lerøy. Dette blei gjennomført på ein god måte så vi veit at de er i stand til å gjennomføre slike prosjekt. De ønskjer no å prioritere tilsvarende rydding i Øksnesmarka, og i første omgang området rundt Stølshaugen. Dette området er delt mellom to saueeigarar som har dyr på beite her. Begge desse er interesserte i å delta i prosjektet.

Vi har tidlegare, mellom anna i vårt innspel til kommuneplanen for Austrheim, peika på dette området sin verdi i naturmangfaldsamanheng. I dette området er det registrert ein lokalitet med naturbeitemark, og denne lokaliteten er omgitt av kystlynghei under attgroing. Kystlynghei er Utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Det er òg registrert breibandpraktviklar i området. Denne sommarfuglarten er sterkt trua (kategori EN på raudelista), og er berre kjend frå nokre få lokalitetar på Vestlandet, då knytt til kystlynghei. Attgroing er rekna for å vere det største trugsmålet mot breibandpraktviklaren på Vestlandet. Breibandpraktviklaren er knytt til planteartane kusymre, mariånøkleblom, myrklegg og gullris. Alle desse artane veks i lysopne område og det å fjerne skog og hindre attgroing ved fjerning av skog og kratt, og ved vedlikehald av kystlyngheiene vil dermed vere gunstig for breibandpraktviklaren.

Det er planar om etterbruk av området som beitemark/kystlynghei og dette er ein føresetnad for å gje støtte til slike ryddeprosjekt. Det er òg positivt at området er eit mykje brukt friluftsområde, og at det dermed er mange som kan få glede av tiltaka.



For best mogleg å ta vare på dei ulike naturverdiane i området (naturbeitemark/kystlynghei/trua artar mm) er det ein god idé å få utarbeidd skjøtselsplan for dette området. Fylkesmannen i Vestland kan administrere og finansiere dette arbeidet som vi kan komme tilbake til.

Budsjettet som Fylkesmannen i Vestland har for tilskot til truga naturtypar i 2019 er ikkje tilstrekkeleg til å stette alle kvalifiserte søknader fullt ut, men for at de skal ha høve til å gjennomføre desse tiltaka slik de har planlagt gjev vi tilskot slik de har søkt om. Frå denne tilskotsposten får de dermed utbetalt kr 80.000. Midlane blir overførte til kontonummeret som var oppgjeve i søknaden når vi har mottatt sluttrapport for at arbeidet er gjennomført.

Vi har altså kjennskap til viktige naturverdiar i dette området (truga naturtype og truga art) og ut frå eksisterande kunnskapsgrunnlag (jf naturmangfaldlova § 8), vil tiltaket som det er søkt om midlar til å gjennomføre ha positive verknader på desse. Fylkesmannen ser difor ikke grunn til å kommentere dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 9 til 12 nærmare.

Krav til rapportering og rekneskapsplikt

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. oktober 2019.

For dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst 5 år etter avslutting av rekneskapsåret.

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert brukt i samsvar med føresetnadene.

Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom det er utbetalt på feilaktige premissar.

Rett til å klage på vedtaket

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Johannes Anonby
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Austrheim kommune